

Teknikk næring og eigedom
Landbrukskontoret

Dato : 19.04.2010
Vår ref. : 10/280-3/
Dykkar ref. :

Saksbehandlar : Nils Skurdal
Telefon : 61216195
Telefaks : 61216191
E-post : postmottak@nord-fron.kommune.no



Nord-Fron
kommune

Nedregate 50
2640 Vinstra

Telefon
61 21 61 00

Telefaks
61 21 61 01

E-post
postmottak@
nord-fron.
kommune.no

www.
nord-fron.
kommune.no

Bankgiro
2095.06.05775

Bankgiro skatt
6345.06.05168

Det kongelige landbruks- og matdepartement

postboks 8007
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2010/67-68	Boknr.:
Mottatt: 3 MAI 2010	
Saksbeh.: ASR/SEB	Ark.: 410
Kopi:	AVSKR.:

**HØYRING-FORSLAG OM ENDRINGER I FOR-1997-05-02-423-FORSKRIFT
OM NYDYR KING.**

Administrativ uttale

Bakgrunn:

Landbruks- og matdepartementet har som del av arbeidet med klimautfordringane gjort framlegg om endring av nydyrkingsføresegnene for å stanse dyrking av myr.

Det har synt seg at dei prosessane som kjem i gang etter oppdyrking av myr gir uforholdsmessige utslipp av klimagassar i høve til kor mykje CO2 som blir bunde.

Høringsfrist er 30. april 2010.

Vurdering:

I Nord-Fron har andelen myr av nydyrka jord i dei seinare åra utgjort ein liten del av nydyrkinga. Nivået på nydyrkinga i denne perioden har generelt vore låg. Ein antek at dette må skyldast at dei økonomiske rammevilkåra rundt slike tiltak i ei periode har vore svært stramme. Dyrking av myr er som regel meir kostnadskrevjande og gir ofte dårlegare sluttresultat enn oppdyrking av meir opplendte areal.

Ein ser likevel eit stort dyrkingspotensiale i myrareal. Dette er ein ressurs som ein vurderar som viktig for matproduksjonen i framtida.

Utifrå dei globale utfordringane ein står ovanfor for å hindre ei mogleg klimakrise, meiner ein likevel det no er rett å avstå frå å nytte det dyrkingspotensiale som ligg i myrjord.

Ein stør derfor dei prinsippa som ligg til grunn for endringsframlegget.

Ein er likevel skeptisk til dei generelle formuleringane endringsframlegget er gitt og meiner dei opnar for ei **vidare tolking** av føresegnene enn det som er intensjonen med endringane,
-førebyggje utslepp av klimagassar frå oppdyrka myrjord.

Med ei vidare tolking tenkjer ein særleg på eventuelle inngrep mot nydyrking i seterområda. Isolert sett kan desse tiltaka vurderast som uheldige i ei klimagassvurdering. I vår kommune er det imidlertid i desse strøka ein har potensiale



for å skaffe ny jord. Alternativet kan vere frakt av fór frå andre delar av landet eller import frå utlandet.

Intensjonane med endringane vil slik ein ser det vere oppfylt med dei framlagte endringane i § 3 (definisjon) og § 6 (forbod).


Endringane i §§ 1, 5 og 9 er ikkje naudsynte for å fremje føremålet med endringane, å **førebygge utslepp av klimagassar i samband med oppdyrking av myr.**

Ein meiner det avslutningsvis kan vere rett å minne om at det er dels kompliserte mekanismar som styrer danning av klimagassar i naturen. I mineraljord kan utslepp av lystgass reduserast, ved nettopp betra drenering. Stimulering til auka grøfting vil såleis generelt vere eit godt klimatiltak.

Nord-Fron kommune tilrår at det blir gjort følgjande endringar i framlegget til endringar i forskrift om nydyrking:

Endringane i §§ 1, 5 og 9 tas ut av framlegget

Med helsing



Arne Sandbu

Administrasjonssjef